



# BAROKKFEST | S.P.O.R.

FESTIVALAR 2019

28. JANUAR - 3. FEBRUAR  
[WWW.BAROKKFEST.NO](http://WWW.BAROKKFEST.NO)

# MELLOM LYS OG SKYGGE

Tema for festivalene Barokkfest (musikk) og SPOR (litteratur) i 2019 er «chiaroscuro». Ordet er italiensk for «lysdunkelt», satt sammen av de to leddene «chiaro» (lyst), og «scuro», (mørkt). Kontrasten mellom det lyse og det mørke er noe av det aller mest fascinerende i den italienske malerkunsten, slik man kan se det på forsiden av årets festivalavis.

### Caravaggio

Hva passer vel da bedre for å starte festivalen enn et foredrag om en av det «lysdunkles» virkelige mestere, maleren Michelangelo Merisi da Caravaggio? Ingen er bedre egnet til å lede oss rundt i Caravaggios fascinerende univers enn hele Norges kunstprofessor Gunnar Danbolt. Forholdet mellom lys og mørke angår oss fortsatt i aller høyeste grad. Det ser for eksempel mørkt ut for journalistikken i vår tid. Vi samler SKUP-vinnende journalister fra Trondheim for å diskutere hvordan journalistikken kan fortsette å være vår tids fyrtårn.

### Storslagne verker

Barokkfest har de siste årene virkelig satset på opera og kirkemusikk, de to musikktypene som blomstret i perioden da musikken ble skrevet og som har

gitt oss så mange mesterverk til glede for stadig nye publikkummere. Det er derfor ekstra stas at festivalen i år byr på ikke mindre enn to slike: Pergolesis Stabat Mater og Händels Dixit Dominus. Førstnevnte er en virkelig storsatsning for Barokkfest. Festivalen har vokst mye de siste årene og dette er første gang vi har anledning til å invitere et helt, fulltallig førsteklasses internasjonalt orkester, Le Poème Harmonique, fra kontinentet til Trondheim. For Händels Dixit Dominus er det en glitrende operastjerne som står i fokus: belgiske Sophie Karthäuser.

### Trondheim: hele Norges universitetsby

Et fokus i 2019 er Trondheims fremtredende plass som Norges viktigste by for lærdom og kunnskap helt fra middelalderen og frem til midten av 1800-tallet. I hele denne perioden var det Trondheim som var Norges universitetsby, i gavnet, om ikke i navnet. Mens langskipene seilte ut fjorden og sikret tett kontakt med datidens aller fremste læresteder, og først og fremst Paris, utviklet Trondheim seg raskt til landets pulserende intellektuelle hovedstad. Her ble det skrevet bøker, læreverk, studert filosofi og litteratur allerede på 1100-tallet. Det selvfølgelige språket i det kosmopolitiske

Trondheim var det internasjonale språket latin. Flere av arrangementene tar oss med tilbake i tid til Trondheims stolte fortid som Norges lærdoms- og litteraturhovedstad.

### Bach-reiser

Bach er en gjennomgangstråd i årets festivalprogram. Domkantor i Nidarosdomen, Magne Draagen, byr på «Bachs Memento», en oppdagelsesreise i Bachs musikk. Vi er også særlig stolt over å kunne presentere stjernecellisten Pieter Wispelwey for en helaften med Bachs u dødelige cellosuiter, for mange noe av den vakreste og mest personlige musikken Bach skrev. Like storartet er det å kunne hente den britiske fiolinisten Rachel Podger til Trondheim. Sammen med Barokkfests eget nordiske orkester, Nordic Baroque Orchestra tryller hun frem herlighetene i orkestermusikken av Bach og hans samtidige. Det er bare å glede seg!

Martin Wählberg og Thea Selliaas Thorsen

## INNHOLD:

---

Program	<b>SIDE 4 - 5</b>
Åpningskonsert: Pergolesis Stabat Mater	<b>SIDE 6 - 11</b>
Spansk festaften: fra flamencoens hjemby!	<b>SIDE 12 - 13</b>
Bachs Memento	<b>SIDE 14 - 15</b>
Alle Bachs cellosuiter	<b>SIDE 16 - 17</b>
Bach og Telemanns orkester	<b>SIDE 18 - 19</b>
Overraskelseskonsert i Stiftsgården	<b>SIDE 20 - 21</b>
Händels første mesterverk: Dixit dominus	<b>SIDE 22 - 27</b>
Søndag i Festsalen	<b>SIDE 28 - 29</b>
Klangen fra Venezia	<b>SIDE 30 - 31</b>
Familiedag på Ringve	<b>SIDE 31</b>
Festivalavslutning: Barokkens jungelbok!	<b>SIDE 32 - 33</b>
Festivalforspill: Norges første trykte bøker	<b>SIDE 34</b>
Lysets og mørkets mester: maleren Caravaggio	<b>SIDE 34</b>
Verdens første forfatter: Enheduanna	<b>SIDE 35</b>
Platon i Trondheim	<b>SIDE 36</b>
Kunsten å gi ut bøker	<b>SIDE 36</b>
Tre poeter i ett ord: Vergil, Ovid, Lucan	<b>SIDE 37</b>
Latin for de latinløse: mennesker og natur i Roma	<b>SIDE 37</b>
Arkeologi i Antarktika	<b>SIDE 38</b>
Fyrtårn i forbannet mørke: journalistikken i vår tid	<b>SIDE 38</b>
Klassisk for alle: The Breakspear Lecture	<b>SIDE 39</b>
Klassisk for alle: antikkens litteratur på norsk	<b>SIDE 40</b>
Bioграфier	<b>SIDE 41 - 43</b>

## BAROKKFEST 2019:

---

### **Martin Wåhlberg**

Leiar

### **Thea Selliaas Thorsen**

Kunstnarisk leiar, SPOR

### **Erik Skanke Høsøien**

Kunstnarisk leiar, Barokkfest

### **Ingrid Gausemel Remøy**

Produsent

### **Øyvind Aak**

Produsent

### **Halvor K. Hosar**

Festivalmedarbeidar

### **Fredrik Olav Arntsen Haga**

Festivalmedarbeidar

### **Ragnhild Wærnes**

Festivalmedarbeidar

### **Emilie Bergstrøm**

Festivalmedarbeidar

### **Eliane Barends**

Marknadsmedarbeidar

*Forfatter festivalbok: Halvor K. Hosar*

# PROGRAM, S. 4

BAROKKFEST 2019

<b>MANDAG, 28. JANUAR</b>	<b>500-ÅRSJUBILEUM FOR NORGES FØRSTE TRYKTE BØKER</b>	12:15	Gunnerusbiblioteket, Knudtzonsalen
	<b>GUNNAR DANBOLT OM CARAVAGGIO: LYSET OG MØRKETS MESTER</b>	18:30	Litteraturhuset, Kulturtorget
<b>TIRSDAG, 29. JANUAR</b>	<b>VERDENS FØRSTE FORFATTER: ENHEDUANNA</b>	18:30	Litteraturhuset, Sellanraa
	<b>PERGOLESI: STABAT MATER</b>	20:00	Nidarosdomen
<b>ONSDAG, 30. JANUAR</b>	<b>KUNSTEN Å GI UT BØKER</b>	10:00	NTNU Dragvoll, Café Sito
	<b>PLATON I TRONDHEIM</b>	18:30	Litteraturhuset, Sellanraa
	<b>TILBAKE TIL SPANIA</b>	19:30	Vår Frue kirke
	<b>BACHS MEMENTO</b>	22:00	Nidarosdomen
<b>TORS DAG, 31. JANUAR</b>	<b>THREE POETS IN ONE WORD: VERGIL, OVID, LUCAN</b>	13:00	NTNU Dragvoll, D107
	<b>LATIN FOR DE LATINLØSE: MENNESKER OG NATUR I ROMA</b>	18:00	Litteraturhuset, Sellanraa
	<b>ALLE BACHS CELLOSUITER</b>	19:30	Frimurerlogen
<b>FREDAG, 1. FEBRUAR</b>	<b>ARCHAEOLOGY IN ANTARCTICA</b>	13:00	Suhmhuset, Auditorium
	<b>FYRTÅRN I FORBANNET MØRKE: JOURNALISTIKKEN I VÅR TID</b>	18:30	Litteraturhuset, Sellanraa

**PROGRAM, S. 5**  
BAROKKFEST 2019

	<b>BACH OG TELEMANNS ORKESTER</b>	20:00	Frimurerlogen
<b>LØRDAG, 2. FEBRUAR</b>	<b>KLASSISK FOR ALLE I: ANTIKKENS LITTERATUR PÅ NORSK</b>	12:15	Katedralskolen, Festsalen
	<b>KLASSISK FOR ALLE II: LATINLÆRERNES TIME</b>	14:30	Katedralskolen, Festsalen
	<b>OVERRASKELSESKONSERT I STIFTSGÅRDEN</b>	15:00	Stiftsgården, Tronsalen
	<b>THE BREAKSPEAR LECTURE</b>	17:00	Katedralskolen, Festsalen
	<b>HÅNDEL: DIXIT DOMINUS</b>	20:00	Frimurerlogen
<b>SØNDAG, 3. FEBRUAR</b>	<b>FESTIVALGUDSTJENESTE</b>	11:00	Nidarosdomen
	<b>FAMILIEDAG PÅ RINGVE</b>	11:00 - 15:00	Ringve museum
	<b>SØNDAG I FESTSALEN</b>	12:00	Katedralskolen, Festsalen
	<b>KLANGEN FRA VENEZIA</b>	15:00	Katedralskolen, Festsalen
	<b>FESTIVALAVSLUTNING: BAROKKENS JUNGELBOK</b>	20:00	Vår Frue kirke



# ÅPNINGSKONSERT: PERGOLESIS STABAT MATER

Tysdag 29. januar, 20:00, Nidarosdomen

**Eugénie Lefebvre, sopran**  
**Victoire Bunel, alt**  
**Serge Goubioud, tenor**  
**Hugues Primard, tenor**

**Emmanuel Vistorky, tenor**  
**Le Poème Harmonique, orkester**  
**Vincent Dumestre, dirigent**

*Stabat Mater, intonasjon*

*Tarantella, neapolitansk trad.*

*Stabat Mater for tre stemmer, trestemde utdrag frå kyrkjemanuskript*

*Konsert nr. 1 i F, Francesco Durante*

*Stabat Mater, kyrkjesong*

*Stabat Mater, Giovanni Battista Pergolesi*

Le Poème Harmonique er støtta av det franske kulturministeriet (DRAC Normandie), Normandie Region, Seine-Maritime, og Rouen by. Le Poème Harmonique er òg støtta av Singer-Polignac Foundation, Mécénat Musical Société Générale, Caisse des Dépôts og Lubrizol France.

Då Pergolesi forlét livet midt i 20-åra var han allereie i ferd med å snu musikkverda opp-ned. Dette kan ein kanskje sjå aller best ein stad dei færraste ville finne på å leite: I dei store sentral-europeiske musikkarkiva finn ein enorme mengder med musikk som bær namnet hans; om dei ikkje er like talrike som splintane frå krossen, har meir musikk overlevd i namnet enn nokon ung mann kunne ha fått tid til å skriva. Arbeidet med å finna ut kva Pergolesi eigentleg skreiv og ikkje held fram til denne dag. Ingen var trygg for å få falske Pergolesi-verk: Sjølv i arkiva etter det austerrikske keisarfamilien finn ein att verk som feilaktig er tilskrive han. Ein kan òg nemna meir moderne døme: Etter Den fyrste verdskrigen arrangerte Igor Stravinsky balletten *Pulchinella* på grunnlag av ein opera som bar namnet til Pergolesi. Dette verket er derimot i beste fall delvis skriven av han, og store deler av musikken har synt seg å høyra til andre komponistar frå den same tida. At det berre er namnet til Pergolesi som blei overlevert for det heile, fortel oss noko om kor stort namnet hans var på 1700-talet.

Verket Pergolesi fyrst skulle bli kjend for var *La serva padrona* («Tenestejenta blir husfrue»), ein kort komisk ein-aktsopera, som trass eit heller lite pretensjøs uttrykk skulle syne seg å bli eitt av dei viktigaste verka i operahistoria. Her har ein nemleg verket som skulle bli malen for den seinare komiske operaen: Medan opera tidlegare hovudsakleg hadde

teke handlingane sine frå antikken og den gresk-romerske mytologien, og gjerne handlingar av heroisk art, fekk ein med Pergolesi ein modell for ein opera basert på menneske frå samtida, som gjennomlevde daglegdagse hendingar, som gjerne presenterte skråblikk på samtidas klasseproblematikk. Etter ei oppføring i Paris i 1752 blei verket grunnlag for ein to-årig strid mellom tilhengjarar av den klassiske, tragisk-heroiske operaen til Lully og Rameau, og tilhengjarane av den moderne, komiske italienske stilen, som med dette skulle bli spreidd gjennom store delar av Europa. Det er, i det heile, uråd å tenkje seg dei komiske operaene til Mozart utan Pergolesi som dørøpnar.

Men Pergolesi hadde ei anna side ved musikken sin, som kom til syne i verket *Stabat Mater*. Dette verket er basert på eit dikt frå 1200-talet om lidingane til Maria ved krossen, og har vore tonesett ei mengd av gonger gjennom historia, til dømes av komponistar som Palestrina, Haydn, Rossini, Liszt og Dvorak. Pergolesi la i si utgåve inn alt han hadde lært om skrivning i ein moderne vokalstil, men med eit kraftig, kjenslevart uttrykk som er frå ei heilt anna verd enn det ein vil sjå i ein høgfare som *La serva padrona*. Den same musikaliteten som gjorde det tidlegare verket effektivt brukte Pergolesi her for å gjera møtet med døden fatteleg for mennesket, ikkje ulikt Mozart i rekviemet sitt. Parallell mellom dei to strekkjer seg enno lengre, for lik Mozart

og rekviemet var *Stabat mater* det siste verket Pergolesi fullførte; han døydde berre 26 år gamal.

Verket har ikkje berre vore positivt motteke. Padre Martini, som var ein av dei viktigaste musikkpedagogane på andre halvdel av 1700-talet, kritiserte Pergolesi for å nytta seg av ein stil som var for operaisk til å passa eit så alvorstungt tema. Bach var derimot av ei heilt anna meining: Han fekk like godt ordna ei tysk, luthersk tekst til musikken til Pergolesi, og brukte dette som ein kantate. Ettetida har sagt seg samd med Bach, for trass i at så mange andre komponistar tonesette teksta, er det versjonen til Pergolesi som står att som den fremste og mest kjende for ettertida. Medan det var *La serva padrona* som gav Pergolesi ein nesten mytisk status på 1700-talet, er det *Stabat mater* som i dag står att som det faktiske storverket hans.

På denne konserten blir Pergolesis storverk sett inn i ein musikalsk kontekst lik det ein kunne vente seg i heimbyen Napoli, der det nykomponerte verket blei kombinert med eldre kyrkjesong og religiøse folketonar, lik det ein kunne høyre i gatene under prosesjonane som var ein del av Maria-feiringa.

**STABAT MATER**

**Stabat mater dolorosa**

Stabat mater dolorosa  
juxta Crucem lacrimosa,  
dum pendebat Filius.

**Cuius animam gementem**

Cuius animam gementem,  
contristatam et dolentem  
pertransivit gladius.

**O quam tristis et afflicta**

O quam tristis et afflicta  
fuit illa benedicta,  
mater Unigeniti!

**Quae Morebat et dolebat**

Quae morebat et dolebat,  
pia Mater, dum videbat  
nati poenas inclyti.

**Quis est homo**

Quis est homo qui non fleret,  
matrem Christi si videret  
in tanto supplicio?

Quis non posset contristari  
Christi Matrem contemplari  
dolentem cum Filio?

Pro peccatis suæ gentis  
vidit Iesum in tormentis,  
et flagellis subditum.

**PASJONSHYMNE**

(Til norsk ved Ragnhild Foss)

**Stabat mater dolorosa**

Stendande i gråt og kvida  
Herrens mor ser Sonen lida  
høgt på kross og skjemdartre.

**Cuius animam gementem**

Skjelvande, til dauden såra  
og av sverdet gjennombora  
stend ho i sin hjartevé.

**O quam tristis et afflicta**

Ingi sorg er tung som denne,  
ingen hev so djupt fått kjenne  
liding som Guds fagna mor.

**Quae Morebat et dolebat**

Men hjå Sonen vil ho vera  
og med honom liding bera  
til hans siste sukk på jord.

**Quis est homo**

Kann det nokon utan tåre  
sjå ho i si liding såre  
bogna under krossen ned –

kann det nokon hegda gråten  
når han ser ho, jammerbroten,  
luta under pinsletre!

All vår synd låg på den eine,  
krossen tyngde på den reine,  
han som utan synder var.

**Vidit suum dulcem natum**

Vidit suum dulcem Natum  
moriendo desolatum,  
dum emisit spiritum.

**Eja Mater fons amoris**

Eja, Mater, fons amoris  
me sentire vim doloris  
fac, ut tecum lugeam.

**Fac ut ardeat cor meum**

Fac, ut ardeat cor meum  
in amando Christum Deum  
ut sibi complaceam.

**Sancta Mater istud agas**

Sancta Mater, istud agas,  
crucifixi fige plagas  
cordi meo valide.

Tui Nati vulnerati,  
tam dignati pro me pati,  
poenas mecum divide.

Fac me tecum pie flere,  
crucifixo condolere,  
donec ego vixero.

Juxta Crucem tecum stare,  
te libenter sociare  
in planctu desidero.

Virgo virginum praeclara,  
mihi iam non sis amara,  
fac me tecum plangere.

**Vidit suum dulcem natum**

Bøygð av sorg ho sáð han lida  
og i dauden ein smál stríða;  
djúpt í sjéli sverdet skar.

**Eja Mater fons amoris**

Kjærleiks kjelde, moder milde,  
eg so gjeme gráta vilde  
attmed krossen hans med deg!

**Fac ut ardeat cor meum**

lat din kjærleik í meg strøyma,  
so din son eg kann kje gløyma,  
og han kjennast vil med meg.

**Sancta Mater istud agas**

Sæle mor, vil du det gjerá,  
at í hjarta eg fær bera  
her på jord min Frelsars sár?

Mine synder hev han sona,  
lat meg fylgja deg og vona  
at til krossen hans eg nár.

Lat meg blandt hans vener finnast  
all hans ynke og liding minnst  
medan eg på jordi fer.

Lat meg attmed krossen standa  
tårone med dine blanda  
til eg kjem hans hjarta nær!

Møy du reinaste av alle,  
som deg her Guds mor fekk kalle,  
vil du høyra bøni mí?

# PROGRAM, S. 10

BAROKKFEST 2019

## **Fac ut portem Christi mortem**

Fac, ut portem Christi mortem,  
passionis fac consortem,  
et plagas recolare.

Fac me plagis vulnerari,  
cruce hac inebriari,  
ob amorem Filii.

## **Inflammatum et accensum**

Inflammatum et accensum,  
per te, Virgo, sum defensum  
in die iudicii.

Fac me cruce custodiri  
morte Christi praemuniri  
conferri gratia.

## **Quando corpus morietur**

Quando corpus morietur,  
fac, ut animæ donetur  
paradisi gloria.

Amen.

## **Fac ut portem Christi mortem**

Lat meg her hans lidung bera  
og i liv og daude vera  
med deg i din tunge strid!

Um av sári då eg bløder,  
er det livsens flod som fløder  
frå hans kross og hjarteblod.

## **Inflammatum et accensum**

Når eg fer frå jordheims aude  
lat di bøn frå dom og daude  
fria meg, ver då meg god!

Kristus, lat på himmelstrender  
hennar milde moderhender  
retta meg min sigerpris!

## **Quando corpus morietur**

Ja, når moldi av skal siga,  
lat då sjeli upp få stiga,  
til ditt sæle Paradis!

Amen.

## **Tarantella Tarantella**

Mo è benuto li giovedi Santu  
Maria sta mantata con lu manto  
con lu manto...

Mantata co lu manto e col mantello  
passa Giovanni e porta la novella  
e la novella...

Io stavo ecco mo sveglia e non domo  
io stavo ad aspettà lo me figliole  
lo mie figliole...

Lo to figlio no lo spetta pure  
monte Calvario l'è stato portato  
stato portato...

Monte Calvario l'è stato portato  
corona d'oro l'è stato levato  
stato levato...

Maria allora sente la novella  
pel gran dolore cade morta n'terra  
morta n'terra...

Pure le tre sorelle l'aiutava  
su su Madonna mia, non piu dolore  
non piu dolore...

Stillvekstorsdag er her på ny  
Maria står innhylla i eit sjal  
i eit sjal...

Kledd i sjal og i kappa si  
går Johannes forbi og bringer nytt  
bringer nytt...

Eg har vore åleine og svevnlus,  
eg har venta på son min,  
på son min...

Vent ikkje meir på son din;  
opp Golgatas veg er han teken,  
er han teken...

Opp Golgatas veg er han teken,  
Ei krone av gull blei teke frå han,  
teke frå han...

Då Maria hørde dette  
av sorg ho fall som daud på bakken,  
daud på bakken...

Hennar tre søstre kom for å hjelpa:  
Kom, kom, mi frue, gråt'kje meir no,  
gråt'kje meir no...



# SPANSK FESTAFTEN: FRA FLAMENCOENS HJEMBY! TILBAKE TIL SPANIA

Onsdag 30. januar, 19:30, Vår Frue kirke

**Fahmi Alqhai, gambe og musikalsk leiing**  
**Mariví Blasco, sopran**  
**Academia del Piacere:**

**Johanna Rose, viola da gamba**  
**Rami Alqhai, viola da gamba**  
**Javier Núñez, cembalo**

**Daniel Garay Moragues, perkusjon**  
**Miguel Rincón, erkelutt & barokkgitar**

*Heinrich Isaac (ca. 1450-1517) & Fahmi Alqhai – Glosado sobre el tenor de La Spagna*

*Mateo Flecha (1481–1553) – Utdrag frå la Negra*

*Improvisasjon på fandango og guaracha*

*Henry de Bailly (1590–1637) – Yo soy la locura*

*Anonym s. XVII – Xácaras & Faldas*

*Andrea Falconieri (1585/6–1656) – Passacalle & Ciacona a tre*

*José Marín (1618–1699) – Niñas como en tus mudanzas Improvisasjon over pasacalle*

*Fahmi Alqhai - Glosado sobre el Passamezzo*

*Lucas Ruiz de Ribayaz (1626–1667) – Tarantella*

*Luis de Briceño (fl. 1610-1630) - Ay Amor loco*

*Gaspar Sanz (1640–1710) – Marionas & Canarios*

Den moderne fiolinfamilien oppstod ikkje ut av det blå. Gjennom heile den vestlege musikkhistoria finn ein variantar av strykeinstrumentkonseptet. På 1500- og 1600-talet hadde ein to hovudfamiliar. Desse var respektivi kalla viola da braccio og viola da gamba. Viola da braccio, eller armviol, var namnet på fiolinen – difor bratsj. Viola da gamba, eller fotviol, er eit slektande instrument, der sjølv dei minste instrumenta var heldt mellom fotene. Både instrumenta eksisterte lenge ved sidan av kvarandre, men i løpet av fyrste halvdel av 1700-talet forsvann gambene nesten totalt, så nær som bassinstrument. Ein liten attlevnad av gambene kan ein sjå i den moderne kontrabassen, som har anna form og er

stemt annleis enn dei andre strykeinstrumenta.

Sjølv om gambene etter kvart blei utkonkurrert av fiolinen, forsvann dei ikkje av den grunn. Då Noregs fyrste komponist, Johan Daniel Berlin (1714–1787) døydd, var det tre gamber i buet etter han. Instrumentet skal òg ha vore brukt i folkemusikk her i landet, sjølv om det ikkje har spelt noka større rolle i moderne folkemusikktradisjonar. Ein veit, i minsto, at gamber har vore i bruk i store områder av Europa, òg lenge etter at ein slutta å finne ny musikk skrive for dei. Dette har, i sin tur, gjort at gambistar kanskje meir enn dei fleste andre instrumentalistar har prøvd å tilpasse ulikt materiale til instru-

mentet sitt.

I dag er det Spania som er gambelandet over alle andre, i stor grad takk vere den unike innsatsen Jordi Savall har lagt ned gjennom ei livstid som instrumentalist. Ein av dei viktigaste etterkommarane hans på instrumentet er Fahmi Alqhai. Alqhai har grunnlagt ensemblet L'Accademia del Piacere (Gledesakademiet), som utforskar rommet mellom gambemusikk, spansk folkemusikk og kyrkjemusikk. Liknande har ein aldri høyr t i Noreg!

I samarbeid med Centro Nacional de Difusión Musical.

## PROGRAM, S. 14

BAROKKFEST 2019

# BACHS MEMENTO

Onsdag 30. januar, 22:00, Nidarosdomen

### Magne Draagen, orgel

*Johann Sebastian Bach (1685–1750): Toccata & fuge D-moll, BWV 913 (arr. Max Reger)*

*Archangelo Corelli (1653–1713): Violin Sonata, Op. 5, No. 9 (arr.: A. Guilment)*

*I Preludio*

*Johann Kaspar Kerll (1627–1693): Passacaglia (arr. Karl Staube)*

*Georg Friedrich Händel (1685–1759): Capriccio F-dur, HWV 481 (arr. Sigfrid Karg Elert)*

*Charles-Marie Widor (1844–1937): «Bachs Memento» (1925)*

*I Pastorale*

*II Miserere mei Domine*

*III Aria*

*IV Marche du Veilleur de nuit*

*V Sicilienne*

*IV Mattheus-Final*


Musikkhistorie handlar ikkje berre om studier av komponistar, utøvarar og mesenar, men studier av instrument, og måten desse har utvikla seg på. I dei seinare hundreåra har ein nok alltid vore klar over at instrument har endra seg over tid, og at ein ikkje spela på dei same instrumenta som forfedrane spela på. I praksis innebar dette både at ein prøvde å tilpasse musikken dei nye instrumenta. Det var nok mindre viktig å prøve å fange essensen i originalen (det er ein tanke som eigentleg får fotfeste nokså seint), men heller å gjera bruk av dei nye instrumenta for å få fram noko i musikken som ikkje var der tidlegare. I det heile såg ein fleire moglegheiter enn problem i det å skriva musikken om.

Instrumentet som meir enn noko fekk nytte godt av dette var orgelet. Dette har nesten alltid vore det mest kraftfulle instrumentet i den vestlege kunstmusikken, og det er nok nett difor det blei vald ut til å vera instrumentet som skulle bli brukt i kyrkja. Ingen andre instrument kunne både spele mange tonar på ein gong, og halda tonane så lenge som orgelet. Det er difor naturleg at instrumentet blei sett på som eit orkester i seg sjølv, og eldre ensemblemusikk blei arrangert for instrumentet. Dette var i sær populært på seint 1800- og tidleg 1900-tal, noko ein nok både kan forstå i ljøs av dei mange store, mektige orgela som blei bygd på denne tida, men òg som eit resultat av ein aukande interesse for

historisk musikk.

Ingen var kanskje meir ambisiøs enn Charles-Marie Widor, som i 1925 skreiv verket Bachs Memento. I dette verket kombinerte han nokre av dei mest kjende satsane frå musikken til Bach, frå den vakre melodien frå kantaten «Wachet auf, ruft die Stimme» til den mektige avslutninga av Mattheus-pasjon. Sjølv meinte Widor at han berre fanga idear som låg latent i musikken, noko som blei gjort mogleg av samtidas instrument. Steinmeyer-orgelet i Nidarosdomen, som stod ferdig i 1930, er nett eit slik instrument som Widor såg for seg.

PROGRAM, S. 15  
BAROKKFEST 2019



# PROGRAM, S. 16

BAROKKFEST 2019

## ALLE BACHS CELLOSUITER

Torsdag 31. januar, 19:30, Frimurerlogen

**Pieter Wispelwey, cello**

*Johann Sebastian Bach (1685–1750) – Suite Nr. 1 i G,  
BWV 1007*

*Preludium  
Allemande  
Courante  
Sarabande  
Menuetter I & II  
Gigue*

*J.S. Bach – Suite No. 2 i D-moll BWV 1008*

*Preludium  
Allemande  
Courante  
Sarabande  
Menuetter I & II  
Gigue*

*J.S. Bach – Suite No. 3 i C, BWV 1009*

*Preludium  
Allemande  
Courante  
Sarabande  
Bouréear I & II  
Gigue*

*Pause*

*J.S. Bach – Suite No. 4 i Eb, BWV 1010*

*Preludium  
Allemande  
Courante  
Sarabande  
Bouréear I & II  
Gigue*

*Pause*

*J.S. Bach – Suite No. 5 i C-moll, BWV 1011*

*Preludium  
Allemande  
Courante  
Sarabande  
Gavotte I & II  
Gigue*

*J.S. Bach – Suite No. 6 i D, BWV 1012*

*Preludium  
Allemande  
Courante  
Sarabande  
Gavotte I & II  
Gigue*

Det er kanskje ikkje noko soloinstrumentrepertoar frå barokken som er så kjend som Bachs cellosuiter. Slik var det ikkje alltid: På 1800-talet var dei sett på som mindre interessante, og var jamvel lenge tenkt på som reine pedagogiske verk! Det var fyrst på 1930-talet at cellosuitene verkeleg skulle bli akseptert som fullverdige kunstprodukt. Dette var langt på veg eit resultat av innspelningane til Pablo Casals (1876–1973), som i perioden 1936–1939 for fyrste gong spela inn suitene; fleire av opptaka var gjort i det legendariske Abbey Road-studioet i London.

I vår tid er verka kanskje aller mest kjend for utforskinga av potensialet til celloen som eit fleirstemd instrument. Sjølv om celloen er nokså avgrensa når det gjeld å spele fleire tonar på ein gong, kan ein skapa inntrykk av at fleire melodiar spelar på ein gong ved å alternera mellom høgt og djupt register på instrumentet. Dette høyrer ein nok aller best i den kjende ouverturen til den fyrste suiten, men som prinsipp blir det utforska gjennom alle satsane.

Den sjette og siste suiten er eigentleg ikkje skriva for cello, men var mest sannsynleg laga med ein uvanleg variant kalla *violoncello piccolo* i tankane. Dette kan ein lesa ut av kopien av verket som høyrde til kona til Bach, Anna Magdalena Bach, der ein ikkje berre får forklart at verket skal bli spela av ein cello med fem strenger, men òg korleis desse skulle vere stemde. I mange tilfelle har det eksistert fleire ulike variantar av instrument historisk, der berre eit fåtal er vanlege i dag. Ved Barokkfest får publikum difor eit sjeldant høve til å høyra eit instrument som i dag er nesten totalt ukjend.



## PROGRAM, S. 18

BAROKKFEST 2019

Suiten er ein komposisjonsform som er lite utbreidd i seinare tider, men som var svært viktig i barokken. Kort sagt er det ei samling med ulike dansesatsar – i tyskalande land tok ein gjerne med ein ouverture for dansane. Slike verk kunne vere skrivne for både store og små ensemble: På Barokkfest 2019 blir det presentert suiter både for solo-cello og for fullt orkester.

For å forstå kva som var så stort med å bruke musikk til forveksling lik danse-musikk, kan ein ta ein tur innom den franske operaen. Operaen vann seint ein plass i fransk åndsliv, då det måtte konkurrere med to gamle og prestisjetunge genrar, nemleg det franske teledramaet og med balletten. Når operaen vann innpass, var det langt på veg ved å ta element frå desse og laga ein heilskap som var større. Av denne grunnen fekk dansen ein uvanleg stor plass i den franske operaen, og mange reiste hovudsakleg for å sjå denne. Då publikum ofte var dansarar sjølve, var det ikkje nok å laga vanlege dansar. Sidan ein hadde profesjonelle dansarar, laga ein gjerne musikk og koreografiar som var langt meir kompliserte enn vanleg selskapsdans. Ein heldt likevel på dei vanlege selskapsdansane blant aristokratiet, men i forfina former. På dette viset kunne publikum, som nok gjerne kunne ta seg ein svingom sjølv i ny og ne, bli presenterte med ein idealisert versjon av seg sjølve når dei dansa.

Dansesuiten tek dette på sett og vis enno eit steg lengre. Nokre slike kan ha vore laga for å bli dansa til, men dette er nok heller uvanleg. I dei fleste tilfelle var dette rein underholdningsmusikk, som nok hadde dansen i botnen, men som langt på veg kunne frigjere seg frå mange av avgrensingane ein har når ein skal lage musikk som faktisk er dansbar. Grunnlaget i dansen var ein felles referanseramme for publikum meir enn eit hinder for komponisten. Mykje av den resulterande musikken er då òg heilt fantastisk.

Geminini er nok den minst kjende komponisten på programmet, men verket hans er verd å merkje seg. Dette er eit arrangement av eit verk for fiolin og cembalo av Corelli, som Geminini skreiv om for å bli brukt for fullt orkester.

Nordic Baroque Orchestra har sidan 2015 gjeve dei fremste unge nordiske musikanane i Norden moglegheit til å spele saman med dei største internasjonale stjemenes for å produsere ein framifrå konsert på Barokkfest. Årets leiar er den navngjetne fiolinisten Rachel Podger, som i seinare år har utmerkt seg som tolkar av Bach og Vivaldi.



A close-up portrait of Rachel Podger, a woman with long, wavy, light brown hair, smiling slightly. She is wearing a black top and a necklace with a blue pendant. The background is a soft, out-of-focus light color.

# BACH OG TELEMANN'S ORKESTER

*Fredag 1. februar, 20:00, Frimurerlogen*

**Rachel Podger, fiolin og kunstnarisk leiar**  
**Nordic Baroque Orchestra**

*Johann Sebastian Bach (1685–1750) – Orkestersuite in C, BWV Georg Philipp*

*Telemann (1681–1767) – «Don Quichotte»*

*Henry Purcell (1659–1695) – Suite frå «Fairy Queen»*

*Pause*

*Arcangelo Corelli (1653–1713) – Concerto Grosso op. 6 nr. 2*

*Telemann – Sonate i E-moll*

*Francesco Geminiani (1687–1762) – La Follia*

## OVERRASKELSESKONSERT I STIFTSGÅRDEN

Laurdag 2. februar, 15:00, Stiftsgården, Tronsalen

**Samuel Hengebaert, bratsj**

**Maximiliane Norwood, bratsj**

**Malu Gabard, viola da gamba**

**Kristine Rustad, viola da gamba**

**Martin Wählberg, cello**

**Ronan Khalil, cembalo**

*Overraskelsesprogram!*

Stiftsgården er kanskje den mest eksklusive historiske bygningen i heile Trondheim: Det er nemleg den offisielle residensen til Hans Majestet Kongen og kongefamilien. Det er rekna som å vera ein av dei største trebygningane i heile Skandinavia, og utan at det er ført rekneskap på slikt, kan ein òg seia at det må vere ein av dei staselegaste.

Bygningen har røter attende til eitt av dei viktigaste namna i byen på 1700-talet. Cecilie Christine von Schøller (1720–1786) var ei dansk-norsk adelsfrue, og flytta til Trondheim i 1740; to år seinare gifta ho seg med etatsråden og kammerherren Stie Tønsberg Schøller, som tidlegare hadde vore gift med Elisabeth Angell, systera til sjølvaste Thomas Angell. Dette gjorde at ho arva delar av den store Angell-formua då mannen hennar døydde i 1769; ho gifta seg

aldri opp att, men blei i ei tid ein viktig figur i byen. Kva musikk gjeld, kan ein nemne at dotter hennar, Elizabeth Schøller (1744–1763), ãtte ei av dei fire notebøkene med musikk av Trondheims fyrste komponist, Johann Daniel Berlin, som har overlevd.

Det var Cecilie som finansierte og fekk reist Stiftsgården. Arbeidet med å få bygningen i stand fann stad i åra 1774–1778, og bygget ber preg av å vera bygd i ei stilhistorisk brytningstid: Medan ytterkledningen er relativt enkel og rein i den nyklassisistiske stilen som skulle dominere slutten av 1700-talet, er interiøret dekorert med ein noko eldre og langt meir utbrodert rokokko-stil.


Schøller sjølv skulle ikkje få så mykje glede av bygget. I 1776 blei ho geheimerådinne hjå kongen, og i 1783

flytta ho permanent til København, der ho døydde tre år seinare. I 1800 gjekk huset ut av familien, då staten kjøpte det for 10.000 riksdalar.

Det kan i det heile vere liten tvil om at Stiftsgården er Trondheims mest eksklusive historiske scene, og Barokkfest er umåteleg stolte over å få bruka denne til ein av konsertane ved årets festival. Denne kammerkonserten har hemmeleg program, som vil bli annonsert i salen. Det er få plassar, så alle interesserte oppmodast til å sikra seg billett snarast.







Händels første mesterverk:  
**DIXIT DOMINUS**

*Laurdag, 2. februar, 20:00, Frimurerlogen*

**Sophie Karthäuser, sopran**  
**Tonje Eero Hove, sopran**  
**Mélodie Ruvio, alt**  
**Chris Lombard, tenor**  
**Sverre Johan Aal, bass**  
**Paul Agnew, dirigent**  
**Trondheim Vokalensemble**  
**Vox Nidrosiensis**  
**TSO tidlig (Trondheim Symfoniorkester)**

Georg Frederick Händel (1685–1759) – Tirsi e Fileno, ouverture  
Antonio Vivaldi (1678–1741) – Credo  
Händel – Salve Regina

Pause

Händel – Dixit Dominus

*I samarbeid med Trondheim Symfoniorkester*

Gjennom det meste av operahistoria har det vore liten til om at Italia har vore genrens åndelege heimstad. Ikkje berre var Claudio Monteverdi, den fyrste operakomponisten, ein italiensk komponist som skreiv for italienske mesenar, men gjennom 1600-, 1700- og mykje av 1800-talet heldt Italia fram med å syna fram opera på nivået som alle andre måtte måla seg mot: Ein kan erkjenne framveksta av den franske operaen frå Lully og den tyske operaen frå Weber utan at dette vert mindre sant. Mest av alt ser ein prov på det i at unge komponistar som var venta å få store karrierer i Sentral- og Nord-Europa gjerne blei sende til Italia for å læra seg å komponera i ein moderne operastil.

Ein av desse komponistane var Händel. Han reiste til Italia i 1706, med sponning frå Fernando de' Medici, som høyrde til ein av ei dei rikaste og mektigaste adelssektene i Italia. Her budde han fyrst i Firenze, men reiste ei tid til Roma, den ævelege byen. Her var det lagt ned forbod mot operaoppføringar i somme periodar, og i sær i fastetida, då operaen var sett på som noko moralsk suspekt. Som eit resultat er ikkje dei viktigaste verka frå dette opphaldet – som gjerne er rekna som dei fyrste ordentlege meisterverka til Händel – operaer, og heller

ikkje oratorium, men katolsk kyrkjemusikk, som han skreiv til bruk i Roma.

Det viktigste av desse verka var *Dixit Dominus*. Teksta er teke frå salme 110 frå dei gamaltestamentlege davidssalmene. Denne salmen har ein særposisjon i katolsk kyrkjemusikk, og har vore tonesett av mange komponistar... i katolske land. Händels eiga historie kan forklara kvifor dette ikkje blei eit sentralt verk i hans eige levetid. Etter at Händel var ferdig i Italia, blei han tilsett av fyrst Georg Ludwig av Hannover. Händel fekk derimot fort løyve til å reisa til London ei tid, og her blei han like godt verande. Dette blei etter kvart litt av ei kattepine for han, på grunn av arverekkefylgja til den engelske trona. Den engelske kongefamilien var splitta i ein katolsk og ein protestantisk del, men berre protestantar kunne arva trona. Då dronning Anne av England døydde bamlaus i 1714, var den næraste protestantiske slektningen hennar nett fyrsten av Hannover, som då blei kong Georg I av Storbritannia. Soga seier at Händel greidde å innsmigra seg att hjå kongen tre år seinare, med komposisjonen av *Water Music*, sjølv om det er noko tvil om dette.

I alle tilfelle var det liten rom for eit slikt verk i katalogen til ein engelsk kompo-

nist med koplingar til kongefamilien. Det var fyrst med publikasjonen av Händels samla verk på midten av 1800-talet at dette verket verkeleg kom fram i ljuset att. Sidan den gongen har det derimot vore rekna som det fyrste meisterverket hans. Det er difor eit verk vi er særst stolte over å kunne presentere ved årets Barokkfest.

I tillegg til *Dixit Dominus* blir det spela to andre, mindre kyrkjeverk frå den same tida: Ei tonesetting av Vivaldi av *Credo*, den nikenske trusvedkjenninga på latin, og eit anna tidleg Händel-verk, nemleg Maria-songen *Salve regina*.



## Credo Credo (Antonio Vivaldi)

Credo in unum Deum, Patrem omnipotentem,  
factorem cæli et terræ, visibilium omnium et invisibilium.

Et in unum Dominum Jesum Christum,  
Filium Dei unigenitum. Et ex Patre natum ante omnia sæcula.  
Deum de Deo, Lumen de Lumine, Deum verum de Deo vero.

Genitum non factum, consubstantialem Patri:  
per quem omnia facta sunt.

Qui propter nos homines et propter nostram salutem  
descendit de cælis.

Et incarnatus est de Spiritu Sancto ex Maria Virgine:  
Et homo factus est.

Crucifixus etiam pro nobis sub Pontio Pilato,  
passus et sepultus est.

Et resurrexit tertia die, secundum Scripturas.

Et ascendit in cælum: sedet ad dexteram Patris.  
Et iterum venturus est cum gloria, iudicare vivos et mortuos:  
cuius regni non erit finis.

Et in Spiritum Sanctum,  
Dominum et vivificantem:  
qui ex Patre Filioque procedit.

Qui cum Patre et Filio simul adoratur et conglorificatur:  
qui locutus est per Prophetas.

Et unam, sanctam, catholicam et apostolicam Ecclesiam.

Confiteor unum baptisma in remissionem peccatorum.

Et expecto resurrectionem mortuorum.

Et vitam ventûri sæculi.

Amen.

Eg trur på ein Gud, den allmektige Far,  
som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.

Eg trur på ein Herre, Jesus Kristus,  
Guds einborne Son, fødd av Faderen før alle tider,  
Gud av Gud, ljøs av ljøs, sann Gud av sann Gud,  
fødd, ikkje skapt, av same vesen som Faderen.

Ved han er alt skapt.

For oss menneske og til vår frelse  
steig han ned frå himmelen,

og ved Den Heilage Ande og av Maria møy  
vart han menneske av kjøt og blod.

Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus,  
leid og vart gravlagd,

oppstod tredje dagen etter skriftene

og fór opp til himmelen, sit ved høgre handa til Faderen,  
skal komme att i herlegdom og døma levande og døde,  
og hans rike skal vera utan ende.

Eg trur på Den Heilage Ande,  
som er Herre og gjer levande,  
som går ut frå Faderen og Sonen,

som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen,  
og som har tala gjennom profetane.

Eg trur på ei heilag, ålmenn og apostolisk kyrkje.

Eg vedkjennest ein dåp til forlating for syndene

og ser fram til oppstoda av dei døde

og eit liv i den kommande verda.

Amen.

## **Salve Regina**   **Salve Regina**

Salve, Regina, Mater misericordiæ,  
vita, dulcedo, et spe nostra, salve.  
Ad te clamamus exsules filii Hevæ,  
Ad te suspiramus, gementes et flentes  
in hac lacrimarum valle.

Eia, ergo, advocata nostra, illos tuos  
misericordes oculos ad nos converte;  
Et Jesum, benedictum fructum ventris tui,  
nobis post hoc exsilium ostende.  
O clemens, O pia, O dulcis Virgo Maria.

Hill deg, dronning, miskunns moder  
Vårt liv, vår fryd, vår von, hill deg!  
Til deg ropar vi, landflyktige dotter av Eva.  
Til deg sukker og græt vi  
i denne tåredalen.

Sjå til oss, du vår forbønsngangar,  
med miskunnsame auge når tida vår er forbi;  
Og syn oss då Jesus,  
den velsigna frukta av livet ditt.  
O miskunnsame, o trufaste, o milde Jomfru Maria.



## Dixit Dominus    Dixit Dominus

Dixit Dominus Domino meo, sede a dextris meis, donec  
ponam inimicos tuos scabellum pedum tuorum.

Herren sa til min herre: «Set deg ved mi høgre side, til eg får  
lagt fiendane dine for føtene dine.»

Virgam virtutis tuae emittet Dominus ex Sion: dominare in  
medio inimicorum tuorum.

Din herskarstav sender Herren frå Sion! Hersk i dine fiendar  
midtre.

Tecum principium in die virtutis tuae, in splendoribus sanctorum.  
Ex utero ante luciferum genui te.

Folket diit kjem viljug den dagen du syner fram makta di i  
heilag prakt. Frå skjødet har eg synt deg for morgonstjerna.

luravit Dominus et non paenitebit eum.

Herren har sverja, og det skal han ikkje angre.

Tu es sacerdos in aeternum secundum  
ordinem Melchisedech.

Du er prest i æva, i ordna til Melkisedek.

Dominus a dextris tuis, confregit in die irae suae reges.

Herren ved di høgre side knuser kongar på vreidedagen sin.

Judicabit in nationibus implebit ruinas. Conquassabit capita  
in terra multorum.

Han heldt dom over alle folk; det er fullt av lik, han knuser  
hovud jorda ikring.

De torrente in via bibet: propterea exaltabit caput.

Han drikk av bekken langsmed vegen, difor lyfter  
han hovudet høgt.

Gloria Patri, et Filio, et Spiritui Sancto: sicut erat in principio, et  
nunc, et semper, et in saecula saeculorum. Amen.

Ære vere Faren, og Sonen, og Den heilage ande; som var i  
byrjinga, som er no og til alle tider og i all æve. Amen.

**PROGRAM, S. 28**  
BAROKKFEST 2019



## SØNDAG I FESTSALEN

Sundag 3. februar, 12:00, Trondheim Katedralskole, Festsalen

### Ronan Khalil, cembalo

Jean-Philippe Rameau (1683–1764) – Premier Livre / 1706  
*Prélude*

Jean-Philippe Rameau – Pièces de Clavecin / 1724

*Allemande*

*Courante*

*1ere Gigue en Rondeau*

*2ème Gigue en Rondeau*

*1er Rigaudon*

*2nd Rigaudon et double*

*Tambourin*

Jacques Duphy (1715–1789) – Troisième Livre de Pièces de Clavecin / 1746

*La Forqueray*

*Médée*

*Chaconne*

Jean-Philippe Rameau – Pièces de Clavecin / 1724

*Les Tendres Plaintes*

Jean-Philippe Rameau – Nouvelles Suites de Pièces de Clavecin / 1728

*Gavotte & Doubles*

Det kan ikkje vere tvil om at Frankrike er ein av dei store europeiske kulturmasjonane, men kva musikk i renessanse, barokk og klassisisme gjeld, er det lett å bli lurt til å tru noko anna. Ein gjer ikkje dei store tyskarane nokon urett ved å seia at delar av grunnen til at nett dei har blitt så viktige er at det var i Tyskland og Austerrike at forskinga på musikk byrja: Musikk var ein heilt sentral del i utviklinga av ei tysk nasjonalkjensle, og prosessen med å oppheva denne til ein nasjonsbyggande kanon var i gang allerede kring 1800.

I Frankrike kom denne prosessen i gang seinare. Det var nok teikn i tida før det, men i all hovudsak byrja franskmennene

å søka etter eigne stordomer frå svunne tider etter at dei tapte Den fransk-prøyssiske krigen i 1871.

Blant dei mest verdfulle komponistane som blei teke tak i att finn ein Jean-Philippe Rameau (1683–1764). Han er det næraste Frankrike kjem å ha sin eigen Händel, og det kan ikkje vere tvil om at han fortener å vere rekna som ein av dei store komponistane. Viktigast var han nok som operakomponist, der han førte arven etter Lully inn i ei ny tid og ei ny tonedrakt; på den andre sida var han kanskje den viktigaste musikkteoretikaren på 1700-talet, og det er knapt ein einaste teoretikar som har hatt så stor påverknad på korleis vi tenkjer på

musikk i dag.

Det som ofte blir gløymt er at Rameau lenge var organist i ulike kyrkjer i Dijon. At han handterte klaveret på framifrå vis finn ein prov på i dei mange verka for cembalo som han etterlet seg. Blant desse finn ein det ypperste innanfor fransk klaverkunst: Ulike verk syner både fram den virtuose klaverkunsten hans, medan andre er verka til ein avantgardist som vil trekkje tonespråka i samtida så langt som råd er for å skapa nye, uventa effektar. I det heile er det eit repertoar som alle som elskar Bach eller andre klaverkomponistar frå same tid absolutt ikkje burde gå utan å kjenna til.

## KLANGEN FRA VENEZIA

*Sundag 3. februar, 15:00, Trondheim katedralskole, Festsalen*

**Samuel Hengebaert, viola da spalla**  
**Ronan Khalil, cembalo**

Musikkhistoria er full av instrument som har hatt ei kort oppblømingstid men så har forsvunne frå jordas overflate. I somme tilfelle eksisterer det ikkje ein gong nokon overlevande versjon av slike instrument som ein kan gjenskapa dei etter, og ein må prøve å gjenskapa instrument frå fragment, frå skildringar i tekster og frå illustrasjonar, med alle farar det representerer. Det er ingen garantiar for at ein alltid treffer i slike tilfelle, men kunstneriske resultat har ofte vore positive.

Eitt av desse gløynte instrumenta heite viola da spalla, eller akselcello. Dette instrumentet liknar på ein cello, men er heldt på plass med ei reim bak nakken, som på ein gitar. Spelestilen liknar difor på ein fiolin, sjølv om posisjonen til høgrehanda blir heilt annleis, sidan instrumentet er så stort. Trass i at dette kanskje læt ukomfortabelt, er faktisk ein av teoriane kring instrumentet at det fyrst blei funne opp for å gjera det lettare for fiolinistar å spela cello, sidan det speleteknisk er mykje nærare dei mindre instrumenta i fiolin-familien. Instrumentet kan ha både fire og fem strengar.

Det eksisterer lite materiale som er skrive spesifikt for instrumentet, men både Telemann og Johann Gottlieb Graun skreiv såvidt for instrumentet; etter sistnemnde eksisterer det faktisk ein heil konsert med instrumentet som soloinstrument. Ein finn mykje anna musikk som kan ha vore skrive for instrumentet, då det for det meste kunne bli brukt i staden for det celloen. Enkelte har hevda at den siste av cellosuitane til Bach, som openbart ikkje er skrivne for ein vanleg cello, var meint for ein viola da spalla. Denne teorien har ikkje vunne særleg stor aksept, men det er likevel nok ein kan bruka instrumentet til.

Å få høyra dette instrumentet i levande live får ein ikkje ofte, og Barokkfest er difor svært stolte over å kunne presentera ein gamal ven av festivalen, Samuel Hengebaert, som saman med Ronan Khalil på cembalo skal ta oss med til Venezia, ein av dei gamle musikkhovudstadane i Europa.





Antonio Vivaldi – Sonate per violoncello e basso continuo no. 3 i A-moll, RV 43  
Largo – Allegro – Largo

Vivaldi – Sonate per violoncello e basso continuo no. 5 i E-moll, RV 40  
Largo – Allegro – Largo – Allegro

Johann Sebastian Bach – Suite nr. 2 i D-moll, BWV 1008  
Preludium

Benedetto Marcello (1686–1739) – Sonate per violoncello e basso continuo op. 2 nr. 1 i F  
Largo – Allegro – Largo – Allegro

Marcello – Sonate per violoncello e basso continuo op. 2 nr. 5 i C  
Adagio – Allegro – Largo – Allegro

Bach – Suite nr. 6 i D, BWV 1012  
Allemande



## FAMILIEDAG PÅ RINGVE

Sundag 3. februar, 11:00–15:00, Ringve Museum

Tradisjon tru inviterer Barokkfest barn og vaksne til familiedag på Ringve sundag 3. februar, til aktivitetar med musikk og litteratur.

Kva gjer du om du møter ein bjørn? Camilla Otterlei har skriva barneboka *Kunsten å møte en bjørn*, som handlar om å vere redd for noko som kan verke skummelt, så som ein bjørn, men kanskje òg å vere modig som ein bjørn? Gjennom opplesing og aktivitetar blir bama tekne med på ei spennande reise med bjørnen som midtpunkt – og kanskje blir det nokre Bamsemums-kanapear undervegs? Det blir barnekonserter, verkstad og familieomvisingar, kort sagt ein dag for heile familien!

Arrangementet passar for barn frå fire år og oppover.

## **FESTIVALAVSLUTNING: BAROKKENS JUNGELBOK!**

*Sundag 3. februar, 20:00, Vår Frue kirke*

**Peter Pontvik, dirigent og musikalsk leiar**

**Ensemble Villancico:**

**Jessica Bäcklund, sopran**

**Helena Ströberg Wall, sopran**

**Dan Johansson, kontratenor og cembalo**

**Charlotta Hedberg, alt**

**Love Tronner, tenor**

**Emanuel Roll, tenor**

**Yamandú Pontvik, baryton**

**Erik Amelöf, bas**

**Markus Ström, blokkflyøter**

**Dohyo Sol, barokkgitar og lutt**

**Magdalena Mårding, viola da gamba**

**Rolf Landberg, slagver**

**Niklas Blomqvist, dansar**

**Daniela Pontvik, dansar**

Berre nokre tiår etter at Colombus landa i Amerika i 1492 kunne ein høyra innfødde synga europeisk polyfoni i dei nybygde katedralane i Mexico og Guatemala – og det på språka til aztekarane og inkaene! Tett etter conquistadorane fylgde nemleg katolske misjonærar, som var ivrige til å omvenda dei innfødde til kristendomen. Musikk spela allereie ei sentral rolle i rituala og seremoniane til dei amerikanske urfolka, så det var gode føresetnadar for musikalsk talentjakt her – og dei europeiske prestane var ikkje seine om å utnytta dette. Gjennom musikk såg kyrkja og hennar menn ein kraftig reiskap for å føra dei innfødde inn i ein religiøs kvardag.

Eit døme på dette får ein i ulike jesuitt-misjonar på fyrste halvdel av 1700-talet, som spreidde seg ut over delar av

dei noverande landa Bolivia, Paraguay, Argentina og Brasil. Blant dei fyrste tinga jesuittane gjorde var å etablere kor og orkester, så langt dette var råd. Kvardagen var prega av eit strengt religiøst regelverk, og musikk var ein viktig del av dette. Store høgtider som jul og påske gav høve til festleg musisering. Her kunne dei innfødde ta med sine eigne tradisjonar, der dansen hadde ein sentral plass.

Som ein sidan skulle sjå med dei svarte slavane på kontinentet, så forsvinn gjerne ikkje eksisterande kulturar for press frå nye. Tvert om, kunne ein seie, for aspekt av den innfødde musikken blei faktisk teken med attende over Atlanteren. Dei færreste tenkjer i dag på at sarabanden og chaconnen hadde opphav i latinamerikanske dansar, men dette er faktisk

tilfellet. Kva Latin-Amerika sjølv gjeld, blei med tida den vestlege musikktradisjonen forvandla til noko nytt på dette kontinentet – til ein multikulturell smeltedigel av europeiske, indanske og seinare jamvel afrikanske ingrediensar.

Forskning på denne musikken har gått føre seg sidan 50-talet, og har i mellomtida fordra musikkhistorieførståinga vår. I Latin-Amerika mista europearane monopolet på kunstmusikk frå desse epokane, og skapa eit tidleg multietnisk repertoar. Dette tidlege «world music»-repertoaret er ikkje berre ei gullgruve for forskarar, fortolkarar og musikkelskarar, men ein skulle òg håpa at han kan ha ei forsonande kraft mot historiske misgjerningar.

**Program:**

*Anonym – Oy nuestra Reyna del cielo (Ecuador)*

\*

*Anonym – Una tonadilla nueva (Ecuador)*

*Anonym – Maria todo es Maria (skrive ned i 1713 av Amedée François Frézier)  
(Peru/Chile)*

*Anonym – Baile del chimo (Peru) (med dans)*

\*

*Anonym – Vamos a Belén (Bolivia)*

*Anonym – Sagales a prisa (Ecuador)*

*Juan de Araújo (1646–1712) – Si el amor se quedare dormido (Bolivia/Panama)*

*Joseph Hortuño (?–1722) – Vamos todos a ver (Ecuador)*

*Lucas Ruiz de Ribayaz (1626–?) Xácaras por primer tono or «Luz y Norte Musical»  
(Spania/Peru) (med dans)*

*Juan de Lienas (verksam ca. 1640) – Tristis est anima mea (Mexico)*

*Trad. – Curi muyito (Ecuador)*

*Juan de Araújo (1646–1712) – Los collades de la estleya (Bolivia/Peru/Panama)*

\*

*Gaspar Fernandes (ca. 1570–1629) Negrinho tiray vós la (Mexico)*

*Anonym, Canción de una pastorita al Niño Dios (Ecuador)*

*Anonym – Canción de un negro al Señor Dios (Ecuador)*

*Lucas Ruiz de Ribayaz (1626–?, verksam i 1677 i Peru) – Gaytas y zarambeques (frå  
«Luz y Norte Musical») (Peru) (med dans)*

\*

*Manuel Blasco (1628–1697) – La chacona me piden, vaya (Ecuador)*

*Fray Gerónimo Gonzáles (?–?) – Serenissima una noche (Spania/Mexico)*

*Diego de Salazar (1659-1709) og Juan de Araújo (1646-1712) – Salga el torillo  
(Bolivia/Peru/Panama)*

*Juan Gutiérrez de Padilla (ca. 1590–1664) – Tambalagumbá (Puebla, Mexico)*

## **FESTIVALFORSPILL: NORGES FØRSTE TRYKTE BØKER – FRA TRONDHEIM, SÅ KLART!**

*Måndag 28. januar, 12:15, Gunnerusbiblioteket, Knudtzonsalen*

**Roman Hankeln**  
**Thea Selliaas Thorsen**

I 2019 feirer vi 500-årsjubileet for trykkekunstens inntog i den norske bokbransjen i 1519. Heile to norske bøker gjekk i trykken dette året, og bae var dei sjølsagt frå Trondheim! Titlane kan verke framande i dag: Missale Nidrosiense og Breviarum Nidarosiense. Dette tyder rett og slett «Nidaros' messebok» og «Nidaros' korte bønesamling».

Under dette festivalforspelet blir vi betre kjend med kva desse bøkene eigentleg var for noko og kva dei var brukte til. Or

titlane stig ikkje berre den norske katolske kyrkjetradisjonen, men òg den vakraste musikk – ofte med overraskande politisk brodd. For å fråvrasta desse gåtefulle klenodia løyndomane sine har vi fått med oss den fremste eksperten på nett Nidaros' spektakulære og sinnrike kyrkjесong, Professor Roman Hankeln ved NTNU, i samtale med kunstnarisk leiar for SPOR, Thea Selliaas Thorsen. Arrangementet er gjort i samarbeid med NTNU Gunnerusbiblioteket. Dei aktuelle bøkene vil bli stilt ut.

---

## **LYSETS OG MØRKETS MESTER: MALEREN CARAVAGGIO**

*Måndag 28. januar, 18:30, Litteraturhuset, Kulturtorget*

**Gunnar Danbolt**

Kunstprofessor Gunnar Danbolt kjem attende til SPOR! Festivaltemaet for 2019 er *chiaroscuro*. Omgrepet tyder «ljøsdunkelt» på italiensk, og var eit utruleg viktig prinsipp for oppbløminga av renessansemalarkunsten. Kva passar vel då betre enn eit føredrag om nett ein av dei verkelege meistrane av «det ljøsdunkle», Michelangelo Merisi de Caravaggio? Ingen er betre eigna til å leia oss rundt i Caravaggios fantastiske univers enn Gunnar Danbolt, heile Noregs kunstprofessor!



# VERDENS FØRSTE FORFATTER ENHEDUANNA OG BJØRNEJEGERSKENS BEKJENNELSER

Tysdag 29. januar, 18:30, Litteraturhuset, Sellanraa

**Berit Hedemann**

**Harald Fougner**



Visste du at verdas eldste forfattar var ei kvinne? Mykje som ligg løynd i mørket fortener å bli løfta fram i ljuset. Slik er det definitivt med den kvinnelege forfattaren Enheduanna! Enheduanna levde for meir enn fire tusen år sidan, i dagens Irak. Ho var dotter av kong Sargon av Akkad, som ofte er rekna som den fyrste herskaren vi kjenner ved namn i Midt-Austen, og verka som yppersteprestinne. Kva meir er, skreiv ho ei rekkje ekstremt lesverdige dikt, kalla tempelhymner. Enheduanna er med dette den fyrste forfattaren vi kjenner namnet til i heile menneskesoga. Det inneber òg at den fyrste forfattaren vi kjenner altså var ei kvinne. Dette er det nesten ingen som veit!

Men radiodokumentaristen og forfattaren Berit Hedemann bidreg til å lyfta Enheduanna fram i ljuset i romanen Bjørnejegerskens bekjennelser, som nyleg kom ut på Gyldendal (2017). Òg den øvrige tematikken i romanen krinsar rundt det som ligg gøymt i mørket, men som kanskje heller burde kome fram i ljuset. Hedemann samtalar om dette, og om Enheduanna, med forlagsredaktøren i Gyldendal, Harald Fougner, som sjølv har bakgrunn frå NTNU.

## PROGRAM, S. 36

SPOR 2019

# PLATON I TRONDHEIM

*Onsdag 30. januar, 18:30, Litteraturhuset, Sellanraa*

**Ellisif Wasmuth**  
**Thea Selliaas Thorsen**

Ein trønder frå mellomalderen og ein trønder frå i dag om filosofen over alle filosofar. Samtale mellom Ellisif Wasmuth og Thea Selliaas Thorsen.

Det er ein sær sars godt bevara løyndom at det blei drive med filosofi på eit sær høgt nivå i Trondheim i mellomalderen! Kven har vel høyr om at Platon blei diskutert inngåande av trønderiske filosofar på 1100-talet? Platon er kanskje den mest ikoniske filosofen, men veit vi eigentleg noko særleg om Platon-tradisjonane ein har hatt i Noreg?

Ei av dei fyrste tekstene etter antikken som tek opp det av-

anserte tidsomgrepet til Platon blei faktisk forfatta allereie på 1180-talet i Trondheim: Då skreiv Theodoricus verket *De antiquare regum norwagiensium*, «Om fortida til dei norske kongane» på latin. Her eksellerer han i ein filosofisk lærdom ein knapt finn maken til i Mellomalder-Europa. Han kan til og med gje att platoniske omgrep på gresk – korleis kan han ha lært seg det? Kva er då meir naturleg enn å invitera heim den norske Platon-eksperten Ellisif Wasmuth, med bakgrunn frå Cambridge, Oxford og universitetet i Essex, til heimbyen Trondheim for å pløye djupare inn i Theodoricus' og Platons tidsomgrep?

---

# KUNSTEN Å GI UT BØKER

*Onsdag 30. januar, 10:00, Campus Dragvoll, Café Sito*

**Harald Fougner**

Korleis skriv ein bøker? Kva problem oppstår på vegen? Kva tid går det så det susar? Kva hender undervegs i samarbeid med forlagsredaktøren? Og ikkje minst, kva hender etterpå, når boka skal finne lesarane sine? Harald Fougner har hovudfag i litteraturvitskap frå NTNU og brei erfaring både frå redaktørstolen og nå som marknadssjef for Gyldendal Norsk Forlag, ein av dei største marknadsaktørane i den omfangsrrike norske

litteratursktoren. Kven passar då betre til å gå djupare inn på kompleksitetane kring bokutgjevingar enn han? Velkomen til eit spennande føredrag i det litterære skjeringspunktet mellom kunst og kundar.

Arrangementet er gratis, men alle er oppmoda til å reservera ein billett på websidene våre for å sikra seg plass.

## TRE POETER I ETT ORD

Torsdag 31. januar, 13:00, Campus Dragvoll, Rom D107

### William Fitzgerald

Få med deg professor William Fitzgerald, ekspert på romersk poesi, som skal snakka om ordbruken til tre romerske forfattarar, nemleg Ovid, Vergil og Lucan. Fitzgerald skal ta oss med på ei reise gjennom favorittorda til dei tre forfattarane, og diskutere korleis dei blir brukt og kva for konsekvensar dette har for poesien.

Arrangementet er gratis, men interesserte blir oppmoda til å tinga plass på websidene våre for å sikra seg plass. Arrangementet blir heldt på engelsk.



---

## LATIN FOR DE LATINLØSE: MENNESKER OG NATUR I ROMA, OVIDS METAMORFOSER

Torsdag 31. januar, 18:00, Litteraturhuset, Sellanraa

### William Fitzgerald

I fleire av dei rundt 250 mytane og forteljingane til Ovid i Metamorfosene finn ein døme på menneske som blir forvandla til ulike buskevekster, grønnsaker og dyr. Dafne, Baucis og ei rekkje andre blir til tre, Antigone blir ein stork, Arakne blir ein edderkopp (kanskje nokon har *araknofobi*?), medan Midas får eseløyret!

Dette interessante forholdet mellom mennesket og naturen, der mennesket gjennom forvandling blir ein del av naturen, er nett det Fitzgerald skal snakke om. Korleis førestiller Ovid seg at det er å bli gjort om til ulike dyr og grønnsaker? Og kva meining har eigentleg desse forvandlingane?

Foredraget er på engelsk.

## PROGRAM, S. 38

SPOR 2019

# ARKEOLOGI I ANTARKTIKA

*Fredag 1. februar, 13:00, Suhlhuset, auditorium*

### **Estelle Lazer**

Arkeologi i Antarktika? Er det råd? Dr. Estelle Lazer, Breakspear-førelasar under SPOR 2019, byr på ei ekstra-førelasing. Her vil ho vise at det ikkje berre er snø og is å finna på det sørlegaste punktet på kloden, når ho fortel om dei arkeologiske ekspedisjonane sine til Antarktika.



---

# FYRTÅRN I FORBANNET MØRKE: JOURNALISTIKKEN I VÅR TID

*Fredag 1. februar, 18:30, Litteraturhuset, Sellanraa*

**Bår Stenvik**  
**Tore Oksholen**  
**Lajla Ellingsen**

Den kritiske journalistikken er uendeleg kostbar, eit fyrståm for sanning, anti-korrupsjon og det vi kallar demokrati, kringsett av eit stadig meir trugande mørke. Her til lands har vi marknadsmessige utfordringar og omlegging av medieformer skapar problem; der ute i verda blir kritiske journalistar drept! I tillegg kjem den teknologiske utviklinga som skapar nye, globale

utfordringar for media og verdssamfunnet. Få saker set årets festivaltema, *chiaroscuro*, «det ljøsdunkle», meir på spissen. Til å samtala om dette alvorlege temakomplekset har vi invitert vinner av SKUP-prisen i 2018, Adresseavisens Lajla Ellingsen, samt forfattarane og journalistane Tore Oksholen og Bår Stenvik.

## KLASSISK FOR ALLE: THE BREAKSPEAR LECTURE

Laurdag 2. februar, 17:00, Trondheim katedralskole, Festsalen

### Estelle Lazer

«The Breakspear Lecture» er sjølve høgdepunktet under SPOR-festivalen! Kvar år blir ein av verdas leiende forskarar henta inn for å presentera arbeidet sitt på ein leiffatteleg og interessevekkjande måte for eit ålment publikum. Foredraget er organisert i samarbeid med Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab.

Årets Breakspeare Lecture hentar inn Dr. Estelle Lazer frå University of Sydney, den fyrste som har fått lov til å ta røntgenbilete og skanna gipsavstøypingane frå Pompeii. Desse blei laga til på 1800-talet ved å hella gips inn i holomma som var att etter menneska som blei dekte til av lava under vulkanutbrotet til Vesuv i 79 evt. Med nye metodar har Lazer gjort banebrytande funn av menneskelege levningar inne i gipsavstøypingane, som kan fortelje heilt nye historier om forferdrane våre.

Under årets foredrag får vi presentert Lazers ferskaste funn frå ein felttur til Pompeii i januar – vi blir altså dei aller fyrste til å få høyra om dei nye resultatane hennar!

Foredraget vil bli halde på engelsk. Inngang er gratis, men vi oppmodar alle interesserte til å reservera plass på websidene våre.



# KLASSISK FOR ALLE: ANTIKKENS LITTERATUR PÅ NORSK

Laurdag 2. februar, 12:15, Trondheim katedralskole, Festsalen

**Thea Selliaas Thorsen**

**Iris Aasen Brecke**


**Robert Emil Berge**

**Alf Marcus Wiegaard**

**Alexander Lyngstad**

Dei tre fyrste utgjevingane i bokserien Kanon – antikkens litteratur på norsk har mykje til felles med aktuelle tema i vår eiga samtid: lidingane til kvinner i krig, #metoo-problematikk og skarp maktharselas. Bokserien Kanon er eit mangeårig samarbeid mellom Gyldendal norsk forlag og klassiske fag ved NTNU. Føremålet med serien er å omsetta antikkens litteratur til norsk. Tre rykande ferske titlar er gjenstand for årets fyrste Klassisk for alle-arrangement: Tragediediktaren Evripides' Hekabe (ca. 434 fvt.), gjendikta av greskspesialist Robert Emil Berge; den romerske komedieforfattaren Terents' Svigemora (ca. 165 fvt.), gjendikta av Iris Brecke, som er ekspert på romersk litteratur; og den romerske filosofen Seneca den yngres Gresskarifiseringen av den guddommelige Claudius (ca. 54 evt.), gjendikta av den latinkyndige Alf Wiegaard.

Kunstnarleg leiari for SPOR og akademisk hovudredaktør for bokserien, Thea Selliaas Thorsen, innleiar arrangementet, før dei tre gjendiktarane presenterer omsettingane sine: om den grufulle lagnaden til dronninga Hekabe, etter at heimbyen hennar, Troja, er fallen; om Svigemora, som både morar og sjokkerer med dei erotiske intrigane sine; og om Gresskarifiseringen av den guddommelige Claudius, som elegant og vittig blottlegg maktmisbruk hjå ein romersk keisar som kanskje er best kjend for det ålmenne publikummet frå tv-serien I, Claudius.



Dette er nyhende innan omsett litteratur her i landet. Ingen av verka er tidlegare omsett til norsk. I 1658 kom derimot dei samla verka til Seneca den yngre i dansk språkdrakt av den kvinnelege latinisten og kvinnesaksforkjemparen Birgitte Thott. Ei utgåve av hennar omsetting av Gresskarifiseringen av den guddommelige Claudius, som er i Gunnerusbibliotekets eige, vil bli stilt ut i samband med arrangementet.

Arrangementet er gratis, men vi oppmodar folk til å reservere billetter til kvart enkelt føredrag for å sikra plass.

**Eugénie Lefebvre** er ein fransk sopran. Ho har studert ved Centre de Musique Baroque i Versailles og Guildhall i London. I 2017 vann ho den prestisjetunge Comeille-konkurransen. Ho er etablert som ein spesialist på fransk barokkmusikk, og er eit kjend namn både frå innspelningar og sceneoppsettingar.

**Victoire Bunel** er ein fransk mezzosopran. Ho er nett ferdig med ein mastergrad ved Conservatoire National Supérieur i Paris, men har allereie markert seg med eit allsidig spektrum av ulike roller i europeiske operaproduksjonar.

**Serge Goubioud** er ein fransk tenor. Han har spesialisert seg i barokkmusikk ved Opéra de Versailles, og har arbeidd saman med nokre av dei fremste dirigentane i Europa, så som Ton Koopman og Christophe Rousset. Han opptrer regelmessig på innspelningar.

**Hugues Primard** er tenor, saksofonist og musikkvitar. Han har delteke på over seks ti innspelningar, og har spela med nokre av dei fremste barokkensembla i Europa, men han har òg utmerkt i forskingssamanheng, i sær med renessansemusikk.

**Emmanuel Vistorly** er ein fransk bass. Han har studert ved Roubaix-konservatoriet og Paris CRR, og vann i 2009 Clermont-Ferrand-konkurransen. Han er ofte gjest hjå viktige ensemble

som Les Art Florissants og Le Concert Spirituel, og har i seinare år hatt fleire viktige roller ved store franske operahus.

**Le Poème Harmonique** blei grunnlagt av Vincent Dumestre i 1998. Ensemblet har spesialisert seg på musikk frå 1600- og 1700-talet, og har over dei siste 20 åra i sær etablert seg som eit leiande europeisk namn på fransk barokkmusikk.

**Vincent Dumestre** er ein fransk gitarist og luttspejar, som mellom anna har spela med Rolf Lislevand og Jordi Savall. I 1998 starta han *Le Poème Harmonique*. Han har i sær utmerkt seg for produksjonar av opera og kyrkjemusikk. Han er riddar av den franske *Ordre des Arts et des Lettres* og *Ordre national du Mérite*.

**Mariví Blasco** er ein spansk sopran. Ho har studert ved José Iturbi-konservatoriet i Valencia og Escuela Superior de Canto de Madrid, og spesialiserte seg på barokksong i Milano. Ho er ettertrakta som songar både for spesialensemble, opera-roller og for musikkopptak.

**Fahmi Alqhai** er spansk gambist. Han har studert ved konservatoriet i Sevilla, ved Schola Cantorum Basiliensis, og ved Conservatorio della Svizzera Italiana. Han har utmerkt seg som tolkar av det tyske gamberepertoaret, og har i sær blitt prisått for tolkinga si av gambesonatane til Bach. Alqhai grunnla sjølv Accademia del Piacere i 2002.

**Accademia del Piacere** er eit ensemble som har spesialisert seg i spansk tidlegmusikk. Dei har i sær spesialisert seg på historisk improvisasjonskunst, og på forholdet mellom flamenco og barokkmusikk. Dei har gjeve ut åtte CD-ar; den siste, *Diálogos*, kom ut på Alqhai & Alqhai i 2018.

**Magne Draagen** er domkantor i Nidarosdomen. Han har studert ved Norges musikkhøgskole, med avsluttande diplomeksamen i solistisk orgelspel. Han har òg vore kunstnerisk leiar for Oslo Domkirkes Guttekor. Han har gjeve ut ein CD med musikk av Camille Saint-Saëns på Steinmeyer-orgelet i Nidarosdomen.

**Pieter Wispelwey** er ein nederlandsk cellist. Han har studert med Dicky Boeke og Anner Bylisma i Amsterdam, Paul Katz i USA og William Pleeth i England. Han har spela som solist på meir enn 20 CD-ar, og har spela som solist på fem kontinent. I 2012 gav han si tredje innspeling av Bachs samla cellosuiter, og arbeider for tida med ei innspeling av det komplette cello-duorepertoaret til Schubert og Brahms.

**Rachel Podger** er ein engelsk fiolinist og dirigent. Ho har studert ved Guildhall School of Music and Drama. Ho er no tilsett ved Guildhall, Royal Welsh College of Music and Drama og Hochschule für Künste i Bremen. Ho har spela på ei mengd med CD-ar med musikk frå

## PROGRAM, S. 42

### BIOGRAFIAR

barokken og klassisismen på Channel Classics Records.

**Nordic Baroque Orchestra** er eit prosjekt som har som mål å samle dei neste talenfulle tidlegmusikkstudentane i Norden. Orkesteret blei stifta i 2015, og har sidan vore eit fast innslag ved Barokkfest.

**Sophie Karthäuser** er ein belgisk sopran. Ho er utdanna ved Guildhall School of Music and Drama i London, der ho studerte under Noelle Barker. Ho har i seinare år i sær utmerkt seg som tolkar av operarepertoaret til Mozart, og har spela med mange av dei største ensemblea i Europa, som the Academy of Ancient Music og Freiburger Barockorchester. Ho er ettertrakta både av operahus og plateselskap.

**Mélo die Ruvio** er ein fransk kontraalt. Ho har studert ved musikkonservatoriet i Paris, og er eit allsidig namn innan opera og kyrkjemusikk. Ho har jobba med viktige ensemble som *Les Arts Florissants* og *Geneva Camerata*, og har vore brukt på innspelingar med mellom anna Ricercar og Deutsche Harmonia Mundi.

**Trondheim Vokalensemble** er eit profesjonelt kor under Trondheim Symfoniorkester og Nidarosdomen/Vår Frue kyrkjelyd, med mål om å kunne levere songarar av høgste internasjonale kvalitet til eit regionalt publikum.

**Vox Nidrosiensis** er vokalensemblet til Orkester Nord. På kort tid har ensemblet etablert eit internasjonalt namn, og har arbeidd med store namn som Sigiswald Kujiken og Christophe Rousset.

**Paul Agnew** er skotsk tenor og dirigent. Han har studert ved Magdalen College, Oxford, men har i sær skapt eit namn for seg sjølv gjennom arbeidet med fransk barokkopera. Han er musikalsk direktør for dei namngjetne ensemblea *Les Arts Florissants* og *Orchestre Français des Jeunes Baroque*. Som kunstnerisk leiar har han i sær vorte merkt gjennom arbeidet med å spela inn alle madrigalane til Monteverdi. Han har dirigert mange store orkester, og er ettertrakta for musikkinnspelingar.

**TSO Tidlig** er spesialensemblet for tidlegmusikk til Trondheim Symfoniorkester & Opera. Ensemblet er ein fast institusjon ved Barokkfest, og har her halde konsertar med nokre av dei fremste artistane i verda her.

**Ronan Kalil** er ein fransk-libanesisk cembalist. Han har studert i Rennes, Manchester, Haag og Paris, og mellom anna studert under Christophe Rousset. Det siste tiåret har han vunne fleire prestisjetunge prisar, og er ettertrakta som solist og akkompagnist på fleire kontinent.

**Samuel Hengebaert** er bratsjist og viola da spalla-spelar. Han har studert ved konservatorie i Lyon og Paris, og

har etablert seg som eit kjend namn i internasjonale barokkensemble.

**Peter Pontvik** er ein svensk komponist, musikkvitar, songar og korleiar. Han er grunnleggjar og kunstnarisk leiar for Stockholm Early Music Festival, og er involvert i fleire europeiske klassisk- og tidlegmusikkorganisasjonar. I 1995 grunnla Pontvik det prestisjetunge *Ensemble Villancico*.

**Ensemble Villancico** er eit svensk ensemble som er av dei leiande namna innan latinamerikansk renessanse- og barokkmusikk.

**Roman Hankeln** er professor i musikkhistorie ved NTNU. Han er spesialist på musikalsk stil, struktur og sosiopolitisk kontekst i kyrkjemusikk frå mellomalderen, og tekstsetjing og musikalsk stil i songar med tilknytning til Weimar-klassisismen på andre halvdel av 1700-talet.

**Thea Selliaas Thorsen** er leiar for festivalen SPOR. Ho er fyrstemanuensis i klassiske fag ved NTNU. Ho har utmerkt seg innan forskning på Ovid, og har gjeve ut bøkene *Ovid's Early Poetry* og *The Cambridge Companion to Latin Love Elegy* på Cambridge University Press. Ho er redaktør for serien *Kanon - antikkens litteratur på norsk* og skjønnlitterær forfattar på Gyldendal forlag.

**Gunnar Danbolt** er professor emeritus i europeisk kunsthistorie ved Universitetet i Bergen. I fleire tiår har han vore ein av dei leiande fomidllarane av kunstestetikk i landet, og han har skriva ei lang rekkje bøker, seinast *Tendensar i norsk samtidskunst etter 1990* i 2014. I 2007 blei han gjort til riddar av St. Olav.

**Harald Fougner** er marknadssjef i Gyldendal norsk forlag, der han tidlegare har jobba som redaksjonssjef for digitale utgjevingar og som skjønnlitterær redaktør. Det er i denne rolla han gjestar SPOR for å samtala med ein av sine forfattarar. Fougner har hovedfag i litteraturvitenskap fra NTNU.

**Berit Hedemann** er ein prisvinnande radiodokumentarskapar og forfattar. Sidan 1972 har ho arbeidd i NRK, og ho blei sjef for radiodokumentaravdelinga i 2002. Sidan 1990 har ho òg vore forfattar. Den siste boka hennar, *Bjørnejegerskens bekjennelser*, kom ut i 2017.

**Ellisif Wasmuth** har bakgrunn frå Cambridge og Oxford, og jobbar ved universitetet i Exeter. Ho er spesialist på antikk filosofi, med særleg fokus på Platon og på sokratiske etikk. Ho fekk nyleg publisert teksta «Selverkjennelse og Statsmannskunst i Alkibiades I» i *Agora* (2018), og arbeider for tida med ei bok om den fyrste Alkibiades-dialogen til Platon.

**William Fitzgerald** er professor i latinsk språk og litteratur ved King's College i London. Han har studert ved Oxford, Princeton og University of California, og har tidlegare undervist ved Cambridge. Han er forfattar av boka *How to Read a Latin Poem – If You Can't Read Latin Yet* (Oxford University Press).

**Estelle Lazer** er arkeolog og undervisar ved University of Sidney. Ho har spesialisert seg på restane av menneske i Pompeii. Ho har gjeve ut to bøker om temaet, *Pompeii and Herculaneum: Interpreting the Evidence* (2005) og *Resurrecting Pompeii* (2009), sistnemnde gjeve ut på Routledge.

**Bår Stenvik** er forfattar og journalist. Han har skriva for avisene *Dagens næringsliv* og *Dagbladet* og tidsskrift som *Vinduet* og *Prosa*. Han er seinast aktuell med bøkene *Å bli en annen – Hva ett år i hælene på seks skuespillere kan lære deg om film, teater og livet sånn generelt* (2016) og *Informasjonen* (2018).

**Tore Oksholen** er forfattar og ansvarleg redaktør i Universitetsavisa. Han har arbeidd som journalist i *Aftenposten*, *Adresseavisen*, *Universitetsavisa* og *NTNU-tidsskriftet Gemini*, og har skriva om forskingsjournalistikk i andre media. Oksholen har òg gjeve ut fleire bøker, seinast ungdomsromanene *Vi er de døde* (2010) og *Thea2* (2016).


**Lajla Ellingsen** er journalist i samfunnsavdelinga til *Adresseavisen*. I seinare år har ho arbeidd med ei rekkje større prosjekt i avisa, som i sær har vore retta mot helse og maktstrukturar. Ellingsen er vinnar av fleire SKUP-prisar for framifrå undersøkende journalistikk, seinast i 2018.

**Iris Aasen Brecke** er doktorstipendiat i klassiske fag ved NTNU. Ho har tidlegare omsett Terents' *Evnukken*, og er aktuell med ei omsetjing av *Svigemora* av Terents.

**Robert Emil Berge** er doktorstipendiat i klassiske fag ved NTNU. Han har tidlegare omsett komedien *Froskene* (2016) av Aristofanes som ein del av bokserien *Kanon – antikkens litteratur på norsk*. Han er no aktuell med Evripides' tragedie *Hekabe*.

**Alf Wiegaard** er advokat med eigen praksis og lang fartstid i yrket. No har han attpåtil teke mastergrad i latin! Med denne kombinasjonen har Wiegaard gjendikta beisk romersk satire – full av tilvisingar til rettsvesenet – til elegant og morosam norsk.

## VÅRE SAMARBEIDSPARTNERE:



MUSEENE I  
SØR-TRØNDELAG



DET KONGELIGE NORSE VIDENSKABERS SELSKAB, TRONDHEIM KATEDRALSKOLE, FORENINGEN FOR KLASISKE RESSURSER I SKOLEN, NIDAROS DOMKIRKE OG VÅR FRUE MENIGHET, NIDAROS PILEGRIMSGÅRD, TRONDHEIM BAROKK, TRONDHEIM KOMMUNALE KULTURSKOLE, GUNNERUSBIBLIOTEKET.



DEXTRA



KULTURRÅDET  
Arts Council  
Norway



Talent Norge



TRONDHEIM KOMMUNE



Trøndelag  
fylkeskommune



MINISTERIO  
DE EDUCACIÓN, CULTURA  
Y DEPORTE

inaem

INSTITUTO NACIONAL  
DE LAS ARTES ESCÉNICAS  
Y DE LA MÚSICA

